

Lise Lithun GTI vann Bornholm opphald!

Storløpar Lise Lithun GTI vann opphald og startkontingent for to under Etape Bornholm 20. - 24. juli! Dette er ei gåve frå det fantastiske arrangementet på Bornholm. Tusen takk! Gratulerer Lise! Gevinsten vann ho ved å førehandspåmelde seg til **ETNE LØPSFESTIVAL 11.juli.**

Heile 92 er førehandspåmelde.

Meld deg på før 30. juni og du har sjanse til å vinna festivalpass.

Fram til 30. juni er alle som har meldt seg på og dei som melder seg på og betalar innan midtnatt den 30.juni med i trekkinga av festivalpass på **Vikedal Rootsfestival.** Der kan du mellom anna få med deg konsert med **VAMP.**

www.rootsfestival.no

GTI er med i lagkampen

GTI under kyndig leing av superentusiasten Einar Søndeland, er for øvrig med i kampen om utmerkinga til den klubb som stiller flest løparar på ein av dei fire distansane under Etne Løpsfestival.. Dei ligg like bak IL Skjalg og Haugesund IL som har påmeldt heile 8 deltakarar. Men øverst med éin meir, tronar førebels Matre IL frå Åkrafjorden. 9 deltakarar frå den vesle bygda er heilt fantastisk! Utmerkinga er eit flott rosemåla trofé til odel og eige første gong det vinnast.